



Bjørn Solberg

Att:

Dykkar ref..

Vår ref.

15/1312-92/24/5969

Arkivkode:

PlanID-R162, Gnr/bnr-74/7,
K2-L12, PlanNavn-Solstrand
bustadfelt, PlanType-35

Dato:

25.04.2024

NY AVGRENSA HØYRING - DETALJREGULERING FOR R162 SOLSTRAND BUSTADFELT - FISTER

Detaljreguleringsplan **R162 Solstrand bustadfelt** var på høyring/offentleg ettersyn sommar-haust 2022. Høyringsutkastet dengong inneheldt 21 bustader på begge sider av fylkesveg 4678 og dels på fylling ut i sjø. Det kom både merknader og motsegner på ulike tema. Etter den tid har det vore dialog/møter både med fylkeskommunen og Statsforvaltaren, og planfremjar har utarbeidd endra plankart og føresegner. Det er gjort såpass mange endringar og tilpassingar i planforslaget ift første høyringsutkast, at saken blei lagt fram for ny politisk behandling i Areal-og forvaltningsutvalet (AFU) 07.02.2024 sak 09/24.

Areal-og forvaltningsutvalet vedtok å sende saka på ei ny avgrensa høyring før endeleg planbehandling. Saka blir med dette sendt på høyring til dei som hadde merknader i første høyringsrunde, og til eigarar av areal som blir omfatta av eiketær og utvida g/s-veg.

For å få full oversikt over merknader til første høyringsutkast og til endringar, viser me til vedlagd saksframlegg av AFU-sak 09/24 og til vedlagd Merknadsoversikt med kommentarar.

Liste over dei mest aktuelle tema for denne høyringa:

- Vegtekniske løysingar:** det er gjort ein god del endringar ift fylkesvegen og g/s-veg med mål om å få vegteknisk infrastruktur i tråd med gjeldande vegnormal; td med utvida breidda på fylkesveg.
- Utvida planområde:** forlenga g/s-veg sørover til Stølsvegen, utan rekkefølgekrav til utbygging
- Bustadformål på fylling i sjø BKS2:** byggeområdet er litt redusert og tal bustader redusert frå 4 til 3 – begge deler av omsyn til ålegraseng omsynssone H560_1. Brygge BSB1 er gjort om til flytebrygge av same årsak.
- Liarbekken:** endra formål til blågrønn struktur f_GBG, lagt inn faresone flaum og endra ein del på føresegner m.a ift kantvegetasjon. Lagt inn omsynssone natur langs kanalen ut i sjø. Bygg BBB er trekt litt lengre vekk frå bekk.
- Eiketær i sør:** bytta om på bustadformål og leikeplass, slik at nokre av trærne blir ståande på leikeplass. Har òg sikra tre av trærne i plankartet (på gnr 74 bnr 5). BFS1 er delt i to tomter.
- Strandsone :** friområde o_GF er tatt ut til fordel for utvida bustadtomt BFS3
- Føresegner:** det er gjort relativt mange endringar i føresegnene. Dette er visualisert skriftleg i føresegnene, sjå vedlegg. Ein del er presiseringar, andre ting meir omfattande som td i § 7 omsynssoner og § 9 rekkefølgekrav.

Vedlagd følger:

- Saksframlegg med vedtak AFU sak 09/24
- Tabell med oversikt over merknader til første høyring, med kommentarar til løysingar.
- Revidert plankart i tråd med vedtak 09/24
- Reviderte føresegner i tråd med vedtak 09/24
- Supplert skredanalyse jf vedtak 09/24

- [Link til AFU-møte, sjå sak 09/24 med alle vedlegg](#)

Ta gjerne kontakt med saksbehandlar for meir informasjon eller ytterlegare dokumentasjon

Merknader innan 24.mai 2024:

merk med namnet til planen og planID , sendast kommunen på e-post: postmottak@hjemmeland.kommune.no eller til Hjelmeland kommune, Vågavegen 116, 4130 Hjelmeland, eller via [digitalt skjema](#).

Sakshandsamar: Svanhild Hjorteland Gbada tlf. 40439127.

Med helsing
Plan og forvaltning

Svanhild Hjorteland Gbada
rådgjevar arealplan
40439127

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur

Vedlegg:

Plankart R162 Solstrand_ andre høyringsutkast, jf AFUvedtak09_24
74_7_R162_Solstrand_2.høyringsutkast_jfAFUvedtak070224
Vurdering av skogens skreddempende funksjon
74/7 Detaljreguleringsplan R162 Solstrand bustadfelt, Fister - 2.gongsbehandling
SOLSTRAND_Vedlegg Tabell oversikt merknader med tilhøyrande kommentarar_AFUsak 6.feb24

Kopi til:

Job Arkitekter As

Breigata 5

4006

STAVANGER